

Møteprotokoll

MØTE I HERDLA SOKNERÅD onsdag 11.oktober 2023

Herdla kyrkjelydshus kl.19.00

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå: 82 / 2023 Sak til: 92 / 2023	Onsdag 11.oktober 2023	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

Til stades

Medlemer: Kjellaug F Eidsaa, Fridtjov Skotnes, Eirin Hansen Berg, Gunnvor Eggebø Næss, Ivar Eidsaa, Ove Berland, Randi Sørhaug, Jørgen Skogestad Kleiven

Meldte forfall: Einy Daviknes, Therese Ellingsund, Solfrid Kongshaug Aase

Saksliste:

Sak nr/år:

82/2023 : Godkjenning av saksliste. Møteprotokoll frå førre møte manglar.

83/2023 : Meldingar

Der bør kome dørstoppar på den nye glasveggen inne i kyrkja, slik at glaset ikkje vert knust.

84/2023: Gudstenesteliste

- 17/09-23: kl. 10.30: Konfirmasjonsgudsteneste, prest Astrid Marie Haugland, offer til ungdomsarbeid i Askøy (team alle)
- 17/09-23: kl. 13.00: Konfirmasjonsgudsteneste, prest Astrid Marie Haugland, offer til ungdomsarbeid i Askøy (team alle)
- 01/10-23: kl. 11.00: Gudsteneste, prostiprest Jon Abelsæth, dåp, offer til eige arbeid, (team 1)

.....

- 15/10-23: kl. 11.00: Gudsteneste med feiring av 50-års konfirmanter, vikarprest Jan Tommy Fosse, nattverd, offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt, (team alle)

- 29/10-23: kl. 11.00: Gudsteneste, dåp, vikarprest Kristin Strand, offer til eige arbeid (team 2)
- 04/11-23: kl. 18.00: Minnesamling, vikarprest Kjell Asle Børnes, kyrkja er open frå kl. 17.00
- 19/11-23: kl. 11.00: Gudsteneste, søndag for de forfølgde, nattverd, vikarprest Kristin Strand, offer til Stefanusalliansen (team 3)

85/2023: Økonomi

Driftskonto: 49912kr, Kyrkjelydshuset: 162 511kr Høgretekontto: 1418999

86/2023: Gudstenester og offer våren -24

7.1: kl. 11, Gudsteneste, opningsfest av nye Herdla kyrkje. Offer: Det norske misjonsselskap

20.1: kl. 11, Gudsteneste, offer kyrkjelydens arbeid

04.02: kl. 11, Familiegudsteneste, samefolkets dag og bibeldagen

18.02: kl. 11, Gudsteneste, kyrkjelydens arbeid

03.03: kl. 11, Familiegudsteneste, Kirkens nødhjelp

13.03: kl. 19, Fastegudsteneste, ikkje offer

17.03: kl. 11, Gudsteneste, Kirkens bymisjon, årsmøte

28.03: kl. 11, Gudsteneste, skjærtorsdag, SOS Barnebyer

01.04: kl. 19, 2.påskedag, nattverd, offer til Lutherske kirke Cuba

14.04, kl. 11, Gudsteneste

28.04: kl. 11, Gudsteneste, offer til YA Træet

12.05: kl. 11, Gudsteneste, offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt

17.05: kl. 11, Familiegudsteneste, ikkje offer

26.05: kl. 11, Familiegudsteneste Herdla Fort, skaparverkets dag, kyrkjelydens arbeid

09.06: kl. 11, Gudsteneste offer KIA Askøy

87/2023: Kyrkjelydshuset og evaluering av folkemøtet 6. oktober

Lite oppmøte, dermed nytt oppsett møte 07.11.23 kl.1800. Dette annonserast med flygesetlar, på kyrkja si Facebook-gruppe, samt oppslag på postkassestativ.

Vedtak om at soknerådet trekk seg ut, evt nytt styre må lage ny avtale med kommunen.

31.3.23 vert den eksisterande avtalen med kommunen sagt opp.

88/2023: Kyrkjeutbygging

Vidareføring av arbeidet med kyrkjeutbygging.

Markering/opning av «ny» kyrkje vert 07.1.24 kl. 11, knytt til gudstenesta. Vi inviterer biskop, bispedømmekontoret, ordførar, aktuelle personar frå kommuneadministrasjon og aktuelle politikarar.

89/2023: Julekuler

Det er bestilt 200 julekuler med motiv av Herdla kyrkje. Det vil bli publisert salsinformasjon gjennom kyrkjass Facebook-side, og det vert foreslått å selje julekuler til dømes ved butikken.

90/2023: Endring av kyrkjebenkar

Vedtak om endring av kyrkjebenkar, midt i kyrkja, for å få plass til rullestol/barnevogn.

91/2023: Konstituering av nytt sokneråd

Leiar: Kjellaug Eidsaa

Nestleiar:

Kasserar: Ivar Eidsaa

Representant i Fellesrådet: Ivar Eidsaa

Vararepresentant i Fellesrådet:

Representant i styret til Ask omsorgssenter: Ivar Eidsaa

Vararepresentant i styret til Ask omsorgssenter: Fridtjov Skotnes

Sekretær:

92/2023: Eventuelt

- Det vert tatt opp at det kunne vere praktisk å ha ein frakterullestol ståande fast i kyrkja.
- Tilsetting av ny prest i Ask og Herdla, innspel til utlysingstekst - Stikkord: «Nye» Herdla kyrkje - brukskyrkje, man har moglegheiter til å gå inn i strategiske prosesser og jobbe med utviklande kyrkjelydsarbeid. Det er eit godt samarbeid med Herdla Fort og Herdla museum. Prestebolig?
Herdla kyrkjelyd jobbar ut i frå Bjørgvin bispedøme sin visjon som er «Saman vil vi ære Den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd.»
Kven ser vi etter?: Ein person med eit godt relasjonelt vesen med gode samhandlings- og kommunikasjonsevner. Særlege aktivitetar: Lysmesse med konfirmantar og Skaparverkets dag på Herdla fort. Tal på konfirmantar har vore mellom 20 og 25.
- Bilete til meningsbladet av det nye soknerådet, vi manglar to medlemmer i dag, bilete må tas på eit seinare tidspunkt.
- Diakoniutvalget spør etter støtte til Adventsfest, dette er noko vi kjem til å støtte.

Vi takkar dei som ikkje blir med vidare i soknerådet. Det nye soknerådet tek over.

Neste møte 8. november 19.00 i kyrkjelydshuset

11.oktober 2023, Herdla

Eirin Hansen Berg

skrivar (sign)